Rapport: Prioriteringar for DigiVestland i arbeidet med framtidas oppvekst

Innleiing

Denne rapporten presenterer dei viktigaste funna frå undersøkinga "Kva skal DigiVestland prioritere i arbeidet med framtidas oppvekst?", gjennomført våren 2025. Undersøkinga var retta mot leiarar og nøkkelpersonar i oppvekstsektoren i ulike kommunar, og målet var å identifisere behov, utfordringar og ønskje knytt til digitalisering i skule og barnehage. Det kom inn 27 svar.

Metode

Det er samla inn svar frå eit breitt spekter av roller, blant anna barnehagestyrarar, rektorar/skuleleiarar, kommunalsjefar, pedagogiske leiarar og rådgjevarar. Undersøkinga kombinerer både opne og lukka spørsmål. 27 respondentar gir lite grunnlag for bastante svar, så rapporten her vil svare ut tendensar vi ser. Det er fleire leiarar og administrative som har svara, enn lærarar og barnehagepedagogar



Hovudfunn

Det er ca ¼ av dei som har svart som veit om at deira kommune har utarbeida plan for digital praksis, kompetanse, infrastruktur, læringsmiljø og digitale løysingar. Av desse er det igjen 2/3 som svarar at nasjonale strategiar er brukt som grunnlag for lokal plan. Her har vi fått ein del svar som tydar på at vi ikkje har fått fram i spørsmålet at vi meinte strategiar som til dømes Nasjonal digitaliseringsstrategi og liknande, for vi har fått svar som *JA – Overordna del, fagfornyinga*… Men det er nokon få som har svart Strategi for digital kompetanse og infrastruktur i barnehage og skole. Ut i frå dette opplever vi at nasjonal strategi for digitalisering kanskje ikkje er eitt av grunnlagsdokumenta som er mest brukt. Det samstemmer med at fleire svarar at dei ikkje har kjennskap til innhaldet i nasjonale strategiar og til at nasjonale strategiar eksisterer.

På spørsmål om kva som er ei hindring for digital utvikling svarar dei som jobbar nærast elevane/barna at tilgang til utstyr og digitale verktøy er ei hindring og at tid til opplæring og utvikling er mangelvare. Vidare at det er for lite tid til samarbeid om bruk av digitale ressursar. Vi tolkar det som at det er meint samarbeid både som erfaringsdeling og det at program vert brukt likt i skulen/barnehagen og i kommunen. For dei som har sitt arbeid på leiarnivå vert det peika på mangel på tid, ressursar og kunnskap til å gjere gode personvernsvurderingar av applikasjonar ein vil ta i bruk. Ein ynskjer seg nasjonale oversikter med ressursar som er vurderte til å vere klare for å brukast i opplæringa.

På spørsmålet om kva arbeid på nasjonalt nivå som kan lette forvaltninga av digitale læringsressursar for kommunane er det er brei semje om at nasjonale fellesløysingar og støtteressursar vil gjere det enklare. Særleg er det behov for ein felles portal som sikrar kvalitet, personvern og tilgjenge, samt sentralisering av arbeidet med personvernvurderingar og støtte til lokal planlegging. Kommunane ynskjer å dekkje krava i GDPR, men det vert opplevd å vera svært ressurskrevjande, både med tid og oppdatert kunnskap.

Tiltak	Antall svar (omtrent)
Nasjonal portal for undervisningsressurser (GDPR, UU, Feide)	15+
Nasjonalt register for DPIA/ROS	6–7
Nasjonale støtteressurser for kommunale planer	6–7
Tydeligere retningslinjer for databehandleravtaler	3–4
Fleksible betalings- og lisensieringsmodeller	3
Bedre tilgang til forskningsrapporter	2
Sentral digital eksamensløsning	2

Tiltak	Antall svar (omtrent)
Rettleiing, malverk og kunnskap	12–15
Nasjonale retningslinjer og felles digitale planar	5–7
Kompetanseutvikling og økonomisk støtte	4–6
Betre internett og oppdaterte digitale verktøy	1–2
Lettvint tilgang til anbefalte appar og nettsider	1–2
Styring og prioritering frå leiing/politikarar	1–2
Utfordringar med tid til planarbeid	2–3

På spørsmål om kva som kan hjelpe kommunane til å utvikle eigne planar så er det eit tydeleg behov for praktiske og brukartilpassa ressursar. Kommunane ønskjer nasjonal støtte i form av rettleiing, malverk, kunnskap og felles retningslinjer for digital planlegging. I tillegg vert det peika på behov for kompetanseheving, økonomisk støtte og betre tilgang til digitale verktøy og infrastruktur. Ei felles digital plan eller mal frå nasjonalt hald, som kan tilpassast lokalt, vert sett på som særleg nyttig.

Tilbakemeldinga til DigiVestland ut frå denne undersøkinga er:

- At DigiVestland brukar nettverka dei har til å påverka på nasjonalt hald til å utvikla sentrale/nasjonale register over applikasjonar som er vurderte til å kunna brukast i oppvekstsektoren. Spesielt vert det ynskja oversikt over applikasjonar som er GDPR-klarerte.
- At DigiVestland jobbar for å gjera innhaldet i nasjonale strategiar betre kjent for kommunane.
- At DigiVestland hjelper kommunane ved å utvikle malar og rammeverk for utvikling av lokale strategiar ut frå tolkingar av nasjonale strategiar og andre grunnlagsdokument.

Eva Refvik
Hogne Brunborg